

# **H. SANDVIK A/S**

## **Entreprenør**

Galteråsen 4  
5916 Isdalstø  
Tlf: 56 35 30 78  
[helge@h-sandvik.no](mailto:helge@h-sandvik.no)  
Bankgiro: 3632.71.03916  
MVA reg. nr: 14524797  
Foretaksnr: 989482920

Thorleif Rødland

Isdalstø 19.04.2022

### **Uttale vedr. bruk av betong til å reparere slipp med i naust på Rødland.**

Viser til vedlagte brev frå statsforvaltaren ved Hege Brekke Hellesøe datert 21.03.2022, vedlagt.

Eg var og såg på dette i mai måned i 2021. Naustet ligg slik til at det er eksponert i forhold til uvær og sjø. Dette viser godt ved at heile fjæra er utvaska og stein er på vekk. På denne plassen er det lite tjenlig med lunner av tre. Dei vil vinterstormen ta kvart år.

Her er det tjenlig med å bruka betong til å reparere slipp med. Dette vil binde steiner under slipp og på sider. Slipp vil i løpet av kort tid gro til med tang og tare og vil være lite synleg frå sjøen etter ei tid.

Vil og bemerka at Senterpartiet som er ein del av vår nye regjering har som slagord at vi skal ta «landet i bruk». Det gjer vi på ein miljømessig måte her ved å bruka betong. Det vi liggja lenge i motsetning til treverk som stormen vil ta om vinteren, dette vil flyta i sjøen og vera til stor fare for småbåter i fjorden. Vi må lag nytt til neste år, slikt er lite miljøvenleg. Slipp av betong er det som er naturleg og fornuftig i dette tilfellet.

#### **Vedlegg:**

- Brev frå statsforvaltaren

Med vennleg helsing

Helge Sandvik

*Helge Sandvik*

**H. SANDVIK A/S**  
**Entreprenør**

mob 97 01 96 34



## Statsforvaltaren i Vestland

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Vår dato: 21.03.2022  
Vår ref: 2022/3186  
  
Dykkar dato: 22.02.2022  
Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

### Uttale - Alver - 10/4 - Rødland - etablering av slipp til naust - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 21.02.2022. Saka gjeld søknad om dispensasjon for etablering av båtslipp til naust. Eigedommen ligg i uregulert område innanfor det som i KP for Lindås 2019-2031 er definert som LNF-område. Administrasjonen legg til grunn at tiltaket ikkje søknadspliktig etter pbl. § 20-1 da båtslippen er lågare enn 0,5 m over terrenget. Tiltaket krev likeins dispensasjon frå arealføremål LNF og 100-meters byggjeforbodsona langs sjø jf. pbl. § 1-8.

#### Statsforvaltaren sine merknader

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensed ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Tiltaket skal lette bruken av naustet. Bredden på båtslippen vil være ca. 2,5 meter og lengden er ca. 12 meter fra og naustet og ned til fjære sjø. Tiltaket består av å legge armert betong på arealet.

Tiltaket vil endre utrykke rundt naustet til meir bygd. Dette vil også i nokon grad auke privatiseringa av området, sjølv om vi vurderer at auken vil vere liten. Det er ikkje ønskeleg med betongslipp ved alle naust i kommunen, og vi meiner kommunen må vurdere og legge vekt på om ein dispensasjon i saka kan gje føringar for liknande saker i kommunen.

Statsforvaltaren ber om å få saka til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Kopi til:  
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN